

Innhold

1 Innleiing	1
2 Uteområdet	2
2.1 Barnehagen	2
2.2 Utforming av uteområdet	2
2.3 Barn sine steder	4
2.4 Området som inviterar til leik	4
2.5 Flytzone	5
2.6 Fysiske utfordringar	6
3 Uteleik	7
3.1 Kroppslig leik	8
3.1.1 Kaosleik	8
3.1.2 Vilter leik	8
3.1.3 Tradisjonelle leiker	9
4 Dei eldste barna i barnehagen	9
5 Opplevelse	9
6 Metode	10
6.1 Val av metode	11
6.1.1 Utvelging av informantar	11
6.2 Innsamling av data	12
6.3 Intervju	12
6.4 Observasjon	13
6.5 Kritikk av metode	14
7 Resultat	14
7.1 Intervju	14
7.2 Observasjon	16
8 Drøfting	17
8.1 Barnehagen	17
8.2 Leikeapperater	18

8.3	Flytsone og oppleving	19
8.4	Leik	20
9	Avslutning	21
	Referanser	23
	Vedlegg	24

1 Innleiing

I løpet av studiet har me fått høyre mange gonger om kor viktig det er at barn blir utfordra motorisk og utvikler seg godt motorisk. Me høyrar om stillesittjande barn som brukar store delar av utetida stillesittande i sandkassen eller i reilene der ein vaksen gir det fart. I forbinding med studiet og arbeid, har eg vore i mange ulike barnehagar. Uteområdet i barnehagane er forskjellige, nokon er svært kupert, mens andre er plane. Nokon har meir leikeapparatar, og det er variasjon i om det er ferdigproduserte leikeapparatar eller om det er tatt utgangspunkt i vegetasjon. I barnehagar med lite kupert uteareal har eg merka meg at fleire barn sitjer i ro i sandkassen, syklar og reiler en barn som har tilgang til et kupert område. Desse verkar til å bry seg mindre om dei materialistiske leikene, og er meir motorisk aktive. Dette er mi oppfatning av uteområdet i barnehagen, difor vil eg i oppgåva ta barna sitt perspektiv og prøve å forstå korleis dei faktisk opplever uteområdet.

Mens dei minste i barnehagen nettopp har byrja i barnehagen og framleis har mykje å utforske og lære på uteområdet, har dei eldste hatt moglegheit til det ei stund allereie. Dei har fått utforska store deler eller heile området og er gjerne klare for nye opplevsalar og oppgåver. difor vil eg i besvarelsen min konsentrere meg om dei eldste barna i barnehagen.

Har barna også denne oppfatninga om at dei er ferdig med å utforske og treng noko nytt, eller er det bare me vaksne som har denne haldninga.

På bakgrunn av dette blir problemstillinga mi:

Korleis opplever dei eldste barna uteområdet i barnehagen?

Oppgåva starter med uteområdet i barnehagen. Her starter eg med å beskrive uteområdet til barnehagen eg var i praksis i, og har brukt som utgangspunkt for oppgåva. Videre skriver eg generelt om utforming av uteområder. I dag er det mange barn som brukar tid i barnehagen, og uteområdet er ein viktig del av barnehagekvardagen. Difor er det viktig med eit uteområde som innbyr til leik, tryggleik og utfoldelse. Eit barn skapar relasjonar til steder, som får stor betydning for deira leik. Ein slik relasjon kan vare alt frå minutter til livet ut, og ein bør prøve å tilrettelegge for slike relasjonar i barnehagen. Uteområdet bør vera eit området som inviterar til leik, som appellerar til leik og gir barn moglegheiter til å ta i mot desse invitasjonane. Csikszentmihalyi utvikla begrepet flyt, som beskriver ein indre motivasjon som gjer at ein er så oppslukt i ein aktivitet at ein gløymar alt anna. Dette er ein oppleving ein må prøve å tilretteleggje for i barnehagen, noko som ofte kan vera vanskeleg. Etersom barna blir eldre har dei fått utforske uteområdet, og er gjerne lei av uteområdet, som vaksen må ein prøve å stimulere å hjelpe barna til å sjå nye moglegheiter.

Vidare tar eg for meg leik og dets betydning for barnet. Leik er ein viktig del av eit barn sin kvardag, ute som inne, og er difor også ein viktig del av barnehagen. Det finnes mange typar leik, i oppgåva har eg tatt for meg nokre typar kroppslig leik. Leiken som foregår ute er ofte prega av mykje beveging og utforsking. Eg har tatt for meg kaosleik, vilter leik og tradisjonelle leiker som ofte opptre ute.

Ordet “opplevelse” er eit mykje brukt ord, men kva tydar det egentligt? Eg har prøvd å tolke og forstå betydninga av ordet og korleis ein opplever noko.

For å få svar på problemstillinga mi, intervjuar og observerte eg fire barn i på fem og seks år. Eg valte å bruke ein kvalitativmetode som fortel noko om kvalitative eigenskapar hjå informantane, og som også er grei å bruke med barn. Å intervjuar barn kan vera krevande, og ein er ikkje sikker på å få svar på det ein ynskjer. Eg laga ein intervjuguide på førehand, og brukte lydopptak under intervjuet for å vera sikker på å få me med alt som blei sagt.

Til slutt i oppgåva vil eg drøfte resultatet og knytte det opp til teori. Det er ikkje mogleg å gi ein endeleg konklusjon på problemstillinga mi i denne oppgåva, men eg kan danne meg eit bilete som eg eventuelt kan jobbe med og utforske vidare.

2 Uteområdet

2.1 Barnehagen

Barnehagen ligger i eit boligfelt og blokkene rundt avgrensar uteområdet. Området er stort, oversiktlig og svært lite kupert. På eine langsida finn ein ein liten skråning som blir brukt til akebakke om vinteren. Midt på skråningen er det ein rutsjebane. Langs skråninga er det fem- seks bjørketrer, dei nederste greinene er presumtivt kutta av. Dette gjer at det ikkje er mogleg å klatre i trea. I eine enden er det flatt og sett opp to fotballmål. Nå på vinteren er det også ein stor snøhaug der som det er mogleg å klatre på og grave i. I andre enden er barnehagebygget, dette består av to adskilte bygg, pluss to boder. Rundt bygga finn ein tre klatrestativ i ulike høyer og storleikar. Det er to sandkasser og tre reilestativ der det eine har reiler berekna for dei minste. Ved inngangen er det to tre som det er moglege å klatre opp i. Langs den eine veggen er det planta buskar. Det er mogleg å gå bak det eine bygget, og dermed vera litt avksjerma frå resten av uteområdet. Rundt bygget er et asfaltet, resten av uteområdet er dekkja med gras.

2.2 Utforming av uteområdet

I dag er det mange barn som bruker mykje av si tid i barnehagen, og den er blitt ein viktig del av oppvekstmiljøet til barnet. Rammeplanen seiar: “Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse

og meningsfylte opplevelser og aktiviteter i trygge og samtidig utfordrende omgivelser.” (Kunnskapsdepartementet, 2006a, s16)

Barna treng på bakgrunn av dette eit godt leikemiljø. Eit slikt miljø gir barnet fridom til å bevege seg fritt og over store områder. Det skapar relasjonar mellom barnet og stedet, som gjer at det appellerar til barnet og innbyr til aktivitet. (Osnes et al., 2010)

Val av tomt er difor viktig i utforminga av barnehagen og særleg uteområdet. Kunnskapsdepartementet har gitt veiledande retningslinjer for storleiken på uteområdet i barnehagen. Der blir det anbefalt at inneområdet skal vera 4m² per barn over tre år, og uteområdet skal vera omlag 6 ganger større ein inne. Det vil seie at utearealet per barn over tre år bør vera 24 kvadratmeter. (Kunnskapsdepartementet, 2006b)

Ein har moglegheita for å ha mange ulike underlag ute; asfalt, grus, sand, gras, trebord, stein osv. Alle underlaga har ulike eigenskapar, som har ulike bruksområder. Ein grasplen kan brukast til leik og tumling, mens asfalten er ein god plass til hoppe paradís, hoppetau og sykling. (Moen & Jacobsen, 2007)

På eit uteområde må ein ha moglegheit til å leike på store områder, men også ha moglegheiten til å kunne gøyme seg vekk og kunne ha ein roleg plass å leike på. (Kunnskapsdepartementet, 2006b) Det bør vera ein variasjon i fastmonterte og flyttbare apperater og leiker. Ved å kombinere og sette saman ulike apperater kan ein lage hinderløyper med variasjonar og anna som fantasien kjem på. Dermed kan barna skape sitt eige miljø. (Moen & Jacobsen, 2007) Vegetasjon kan brukast til leik, samstundes som det kan brukast som ly for vær og vind. I tillegg til å gjera det lunt og triveleg ute i barnehagen, gir også vegetasjonen bidrag til leik, læring og fysisk utfoldelse og gir barnet ein naturopplevelse. Det er viktig å ta vare på vegetasjon som allereie eksisterar, denne er tilpassa klimaet på staden og tålar meir. Dette kan vera ein fordel sidan vegetasjonen også får hard medfart om barna brukar den i sin leik. Vegetasjonen på uteområdet i barnehagen er i hovudsak skog/naturmark, trær, buskar, gras og blomster. (Kunnskapsdepartementet, 2006b)

Uteområdet bør vera både kupert og flat. Mange leiker krever variasjon i terrenget, og ulendt terreng hjelper barna til å utvikle sine fysiske ferdigheter. (Kunnskapsdepartementet, 2006b) På ulendt terreng må barnet bruke kroppen sin på en heilt annan måte en på flate partier. På ulendt terreng må ein koordinere bein og armar, ein må løfte beina, passe på at ein ikkje snublar og ein får bruke heile kroppen. (Moen & Jacobsen, 2007)

“Barnehagens fysiske miljø skal utformes slik at alle barn for gode muligheter for å delta aktivt i lek og andre aktiviteter.” (Kunnskapsdepartementet, 2006a, s16)

Undersøkingar og erfaringar tilseier at eldre barn etterkvart vil miste interessa for leikeapperatene på barnehagen sitt uteområde viss dei ikkje blir stimulert til å bruke dei på nye måter som gir nye utfordringar. Barn har ofte mange ideear og meiningar om korleis dei kan skape sitt eige miljø, men er

avhengig av voksne sin hjelp og oppmuntring til å realisere ideane. (Moen & Jacobsen, 2007)

2.3 Barn sine steder

Barn knytter seg til, og skapar relasjonar til steder. Desse får ein betydning for barnet og engasjerer barnet i sin leik. Her kan barnet utfolde seg, utforske og leike på eigne premisser. Plassen oppfordrer barnet til å bruke sin fantasi og skapande evne, og utfordrer til leik og beveging. Relasjonen til stedet kan variere alt frå nokre sekunder til livet ut. Ein søleputt vil gjerne ikkje vare så lenge som det gamle seljetreet i hagen. (Osnes et al., 2010)

I dag tilbringer mange barn mykje tid i barnehagen og andre institusjonar som er konstruert av voksne for barn. Stedet blir utarbeida etter dei voksne sitt syn på kva som er spennande og hensiktsmessig. Ein vaksen vil gjerne ha mogelegheita til å ha oversikt og kontroll, mens eit barn vil ha mogelegheita for å gøyme seg vekk og lage sin eigne steder. På bakgrunn av dette må ein prøve å skape moglegheiter for barna, der dei kan få forvandle og manipulere sitt eige uteområde. Barn knytter seg ofte til små steder av det store uteområdet. Ein må finne ein balanse mellom voksne sitt behov for å ha god oversikt og kontroll, og barn sitt behov for å kunne lage sine eigne steder og gøyme seg vekk frå andre. Barn ser på sin steder som ein plass der dei kan ha fritt handlingsrom. (Osnes et al., 2010)

Det kan vera smart å dele opp uteområdet i små plasser eller ha områder som ligger skjult i frå alle. Her får barn moglegheit til å vera i mindre grupper eller åleine. Å måtte vera i store grupper heile dagen er krevande for både barn og voksne, og det kan då vera godt å ha ein plass å kvile, leike i mindre grupper og hente fram nye krefter. (Kunnskapsdepartementet, 2006b)

2.4 Området som inviterar til leik

Me beveger oss rundt i omgivnadane våre og tar til oss informasjon gjennom sansane. Me ser, lukter, smaker, høyrer og føler. Etterkvart vil me skape oss eit forhold til omgivnadane rundt oss og me seiar at me får ein innbydning frå miljøet. Når eit barn til dømes er ute å går i naturen og finn eit tre det har lyst til å klatre i, skapes det ein relasjon mellom treet og barnet. Gjennom sansane vil barnet oppleve at treet appellerar til det. Barnet oppfatter kvalitetane til treet og terrenget rundt, og på den måten oppfatter barnet at dette er eit tre som er godt å klatre i, i forhold til kva barnet mestrar. Barnet svarar på innbydningar frå omgivnadane og barnet får ein umiddelbar tilbakemelding. Det finner fort ut om det lykkes i å klatre opp i treet eller ikkje. Eit sted vil kunne gi fleire innbydningar til ulike barn. Nokon vil som nemd byrje å klatre opp i treet, nokon vil gjerne starte å byggje ei hytte i treet, andre vil studere treet og livet rundt, mens nokon andre igjen vil gjerne settje seg ned i ly av treet og starte ein samtale eller slappe av. (Osnes et al., 2010)

Me må skilje mellom ulike typar innbydningar. Mulige innbydningar er alle innbydningane miljøet gir, men me tek ikkje imot alle innbydningar som blir gitt til oss. Dei me tar til oss og blir brukt i handling bli realiserte innbydningar. Ein innbydning kan også realiserast passivt, til dømes om barnet ser eit fint tre å klatre i men ikkje får lov til å klatre i fordi det er gammalt og morkent. I følge Kyttä(2004,2006) (ref Osnes,2010) er moglegheiten barnet får til å bevege seg i miljøet, betydningsfull for om barnet mottar og realiserar innbydningane. Ein kan dele miljøet opp i tre ulike typar

- 1) Fysiske miljøer der barna har helt *fritt handlingsrom* og kan bevege seg fritt. [...]
- 2) Fysiske miljøer der *noen handlinger er kulturelt og sosialt prioritert* framfor andre, og miljøet derfor signaliserer et prioritert handlingsrom. En temabarnehage, [...]
- 3) Fysiske miljøer der *noen innbydelsener gjort utilgjengelige* for barna ved ulike former for restriksjoner eller at barnet har nedsatt funksjonsevne. [...]


(Osnes et al., 2010, s162-163)

Eit miljø der barnet får bevege seg fritt i, gir naturleg eit større rom for å benytte seg av innbydningar. Men barn kan oppfatte miljøet på ulike måtar, som igjen får utslag på korleis dei nyttar seg av miljøet. Miljøet er avhengig av individuelle eigenskapar, og to barn kan ha ulike relasjonar til skogen som får ulike utslag. Vaksne kan også påverke barna til korleis dei tar imot innbydningane frå miljøet. Med å ta utgangspunkt i eigne synspunkt og oppfatningar kan barnet bli nekta å klatre opp på steinen av dei vaksne.

2.5 Flytsone

Det er psykologen Csikszentmihalyi som har utvikla begrepet flow, eller flyt. Han beskriver det som ein har ein indre motivasjon som gjer at ein er så oppslukt i aktiviteten ein utførar at ein gløymar tid og sted. Målet med aktiviteten er opplevinga ein får av å utøve aktiviteten. Det må vera ein utfordring i aktiviteten som er tilpassa barnet sitt ferdighetsnivå. Om barnet opplever rutsjebanen som bratt og lang, kan barnet bli engsteleg og redd, men om det synes at den er for kort og slak kan barnet kjede seg. Om aktiviteten oppleves som positiv for barnet, blir det motivert til å fortsette, dette gjer at barnet opplever å mestre og beherske sin eigen kropp (Osnes et al., 2010)

Csikszentmihalyi snakkar også om “flowaktiviteter”. Slike aktivitetar gjer at ein kan legge fokuset på klare mål, som er tilrettelagt for kva ein kan og vil. Eit anna kjennteikn med “flowaktiviteter” er at ein ofte får respons med ein gong. Tildømes eit barn som renn på akebrett ned ein bakke. Om barnet kjem ned heile bakken utan stopp eller knall og fall, veit barnet at det har gjort det bra. Det får ein respons på korleis det gjekk.(Csikszentmihalyi, 2005)



Figur 1: Modell av flytsonen

Flyt oppstår oftest når aktiviteten eller oppgåva krever alt. Blir oppgåvene for enkle vil ein slappe av og etterkvart kjede seg. (Csikszentmihalyi, 2005) Det kan vera vanskeleg å leggje tilrette for at alle barn opplever å vera i si flytzone i barnehagen. Ein har gjerne reglar som fortel kor høgt ein har lov og klatre, og kor ein lov til å hoppe i frå. Dette gjer at barn som er gode motorisk ikkje får utfolde og utvikle seg. (Osnes et al., 2010) Kvardagen kan ver fylt med kjedsomhet, bekymringar og stress. Når ein opplever ein flyt i aktiviteten blir ein fylt med intensitet, nærvær og liv. Alle andre tankar og følelsar forsvinner i flytøyeblikket og ein føler seg psysisk sett sterkare enn normalt. Ein føler ofte at tida går fort og at timar blir til minuttar. Flyt kan også føre til personleg vekst, om ein heile veien setjer seg høgare mål og strekker seg etter utfordringar, vil ein få ein positiv oppleving av seg sjølv og eit sterkare sjølvbilete. (Csikszentmihalyi, 2005)

2.6 Fysiske utfordringar

Mange av dagens leikeplassar og uteområder i barnehagen har blitt lite fysisk utfordrande. “Trær, kratt, ulendt terreng, steiner, gressmarker har veket plassen for plen asfalt, grus, ulike kaltrestativ . . .”(Brekke & Kvåle, 1998, s 17) Etter å ha leika på tilrettelagte leikeplassar ei stund dei fattige på utfordrignar for barna. Krav i sikkerhet på leikeplassar gir og begrensningar, og moglegheitane for “uhuu”opplevingar reduseres. Eit barn opplever ein “uhu”oppleving når det beveger på grensen av kva det kan og tør. Det gir ein kitling i magen og spenning. I tillegg til “uhu”opplevingar bør også eit bar får moglegheit til å få “aha”opplevingar. Ein “aha”oppleving oppstår når barnet erfarer at det mestrer noko som dei ikkje har klart tidligare. Desse opplevingane styrker og videreutvikler dei motoriske ferdigheitane til barnet. (Brekke & Kvåle, 1998)

For å utvikle sitt bevegelsesrepertoar er det viktig av barnet får prøve og feile, som Dewey sa: Learning

by doing. Som vaksen tenker ein ofte at ein må bevege seg for mosjonen og helsa sin del, men for barn er beveging ein nødvendig ting dei benytter seg av i lek og læring. Gjennom heile oppveksten må eit barn få nye utfordringar å løyse, for dermed å utvikle sine bevingar. Eit barn kan aktivisere seg sjølv uti frå indre driv og gjera egne erfaringar. Men etterkvart som barnet veks til treng det større utfordringar en det klarar å gi seg sjølv. Den vaksne bør observere og tilrettelegge for kvart barnegruppa eller det enkelte barnet. Dette stiller krav til både vaksen og barn, den vaksne må tilrettelegge, planlegge og motivere barnet til å gjennomføre. (Moen & Jacobsen, 2007)

Barn observerer vaksne og kan ta etter deira bevegelsevanar. Som vaksen er det difor viktig at ein visar glede over å vera i beveging, og vera aktiv med i uteaktivitetene. (Brekke & Kvåle, 1998)

3 Uteleik

“Barnehagen skal ha arealer og utstyr nok til lek og varierte aktiviteter som fremmer bevegelseglede, gir allsidig bevegelseerfaring, sanseerfaring og mulighet for læring og mestring.” (Kunnskapsdepartementet, 2006a) Leik er ein allsidig aktivitet som for barnet er veldig viktig. Eit barn blir engasjert og motivert av leiken og får ein stor betydning for dets sosiale liv og læring. Barn uttrykker seg gjennom leik, og leiken blir eit fritt sted der dei kan utfolde seg utan å tenke på korleis dei skal oppføre seg. Gjennom leik opparbeidar barnet ein evne til vera sjølvstendig og lærar å ta ansvar.

Leik stimulerar til utvikling, både kroppslig og sosialt. Leiken er frivillig, og barnet bestemmer sjølv når det vil leike. Leiken foregår på eit bestemt sted og ei bestemt tid og den innebærer ofte spenning. (Lillemyr, 2004)

Barna bør få kjenne på kroppen at dei leikar. Kroppslig leik karakteriseres med mykje latter, roping og skriking. Den gir barnet eit sug i magen, og det gløymer gjerne alt av tid sted. Leik kan gi ein følelse av spenning, ein følelse og opplevelse i ein situasjon som gir ein blanda følelsa av frykt og fryd. Spenning oppstår når skjer variasjonar som trigger barn sin nysgjerrighet. Barn skapar også sin eige spenning, ved å lage sine egne reglar å måle seg opp mot andre. Barn har ulike behov for å oppleve spenning, det har samanheng med barn sin personlegdom, tillært eller medfødt. Eit barn som er utadvent trenger ofte meir spenning i leiken for å ikkje kjede seg, mens eit barn som er innadvent har ikkje like stort behov for spenning for å ha det bra. På den måten vil det vera variasjon i kva kvart enkelt barn trives med. (Osnes et al., 2010) Barnehagen skal “...inspirere alle barn til å søke fysiske utfordringer og prøve ut sine kroppslige muligheter (Kunnskapsdepartementet, 2006a, s36)

Tidligare meine ein at guttar leika med andre guttar i store grupper. Dei målte seg opp mot kvarandre og leiken var meir kroppslig en jentene. Jenten leika ofte i små grupper og for dei var det viktig å bygge

relasjonar. Den kjønnsespesifikke leiken eksisterar i dag også, men undersøkingar visar at den ikkje er like dominerande. Leiken endrar seg i takt med samfunnet, me har fått meir fokus på likestilling, dette gjenspeilar seg også i leiken. Dei vaksne i barnehagen er også blitt meir bevisste på dette, og er meir bevisste på å ikkje dela inn i kjønnsespesifikke oppgåver og leik. (Osnes et al., 2010)

3.1 Kroppslig leik

Uteleiken i barnehagen er ofte prega av mykje beveging og utforskning, som også har fått betegnelsen kroppslig leik. Osnes, Skaug og Kaarby (2010) definerer kroppslig leik slik: “Moderat eller høy grad av fysisk aktivitet i lekende kontekst med energiforbruk godt over hvilenivå.” (Osnes et al., 2010, s137) Den kroppslige leiken endrar seg i takt med barnet. Etterkvart som barnet vert eldre vert det også betre motorisk og fysisk, det tar større utfordringar, utforsker og leiker i samspel med andre. “ Utelek og uteaktivitet er en viktig del av barnehkulturen som må tas vare på, uavhengig av geografiske og klimatiske forhold.” (Kunnskapsdepartementet, 2006a, s26)

Kroppslig leik omfatter fleire ulike typar leik, og eg vil her gjere rede for nokre av dei.

3.1.1 Kaosleik

Rasmussen(1996)(ref. Osnes,2010) er oppteken av den sansesmesseige opplevinga som oppstår i leik, og han ser på orden og kaos som to ytterpunkter som har plass i leiken. Orden kan ein sjå på som den“gode” leiken, der barnet gir seg hen til leiken og ein ser leken som fredfylt og roleg. Kaos blir ofta oppfatta som den “dårlige” leiken. Leiken innebærer heftige beveginger, kroppslig nærkontakt og er lystbetont og meiningfullt for barnet. Rasmussen deler kaosleiken vidare opp i tre. Vesibulærleik som setter likevekstfornelemesen ut av spel, dette er leik som reiling, henge og slnge i tau og snurre rundt. Bråkeleik som er prga av nærkontakt mellom barna med latter, hopping, springing, bryting og jaging. Og til slutt Deep Play som er prega av vågemotg og dristighet der barna tester sine grenser. (Osnes et al., 2010)

3.1.2 Vilter leik

Dette er ein kroppslig leik som ein ofttest ser opptrer blant dei eldste barna. Den har mykje felles med bråkeleiken, lekeslossing, herjing og bryting ser ein ofte i den viltre leiken. Glede, gester, latter og jubel karakteriserer leiken. Gjennom den viltre leiken vert motorikken stimulert ved at bevegingane i leiken er varierte og gjentakande. Barna sine fysiske eigenskaper vert styrka og dei får utvikle sin sosiale kompetanse i leik med andre barn. (Osnes et al., 2010)

3.1.3 Tradisjonelle leiker

Dette er leiker som har oppstått og videreført gjennom generasjonar. Typiske slike leiker er; Jage og fangeleiker som gøymsel og boksen går, Balleiker, hoppeleiker som paradiso eller hoppetau og sang-, dans- og klappleiker som slå på ringen. Kjenneteikna på slike leiker er at dei krever lite utstyr og oppstår spontant. I tillegg setter også det fysiske miljøet vilkår til om leiken er gjennomførbar. (Osnes et al., 2010)

4 Dei eldste barna i barnehagen

Ein møter ofte begrepa dei yngste og eldste barna i barnehagen. I denne oppgåva vel eg å bruke begrepet dei eldste barna, om 5- og 6-åringane. Det ligger mange forventningar og retningslinjer for kva eit barn skal klare innan ulike områder, som språk, teikning, beveging, skriving, løping, hopping osv.

Innanfor fysisk fostring seiar retningslinjene at ein femåring skal kunne planlegge og økonomisere sine bevegingar og gjennomføre dei med persisjon og ferdighet. Grunna god beherskelse av bevegingane søkar dei også nye erfaringar og utfordringar. Ein femåring skal kunne mestre å kle av å på seg sjølv og bevege seg etter rytmen i musikken. Den har fått større ferdigheter med hendene og mestrer nye materialer. Barnet får interesse for detaljer som kan gjere at det blir meir passivt bevegelsemessigt. Femåringen leiker meir med andre og blir meir engasjert sosialt. (Moen & Jacobsen, 2007)

Ikkje alle barn utviklar seg like raskt, og eit barn kan vera på ulike stadier i utviklinga. Nokon kan vera på normalstadiet på beveging, men slit med språket og liknande. Ein vil finne store individuelle forskjellar, dette gjer at ein kan kategorisere kvart barn som unikt. På grunn av slike individuelle forskjellar vil nokon gå fort fram og andre henge etter i si utvikling. Barn utvikler seg i ulikt tempo og på ulik måte, som kan vera påverka av miljøet, arv og erfaringar. (Moen & Jacobsen, 2007)

5 Opplevelse

Ordet “opplevelse” er eit ord me brukar ofte i daglegtalet, når me beskrivar noko eller snakkar om noko me har gjort. I rammeplanen står ordet “opplevelse” nemnd over femti gonger. Til dømes:

Barnehagens innhold skal være allsidig og variert, og utformes slik at hvert enkelt barn får **opplevelser** og erfaringer som støtte for sin utvikling av kunnskaper, ferdigheter og holdninger. Samtidig skal innholdet støtte språklig og sosial kompetanse gjennom felles **opplevelser** og samvær. Barn bør få **oppleve** at digitale verktøy kan være en kilde til lek, kommunikasjon og innhenting av kunnskap (Kunnskapsdepartementet, 2006a, s21)

Men kva er egentleg ein oppleving? Det er vanskeleg å finne ein konkret definisjon på kva ein oppleving er, bokmålordboka mi definerer oppleving slik:

oppleve, -de, -d være med på, erfare; føle, oppfatte,

Opplevelse, -en det å oppleve; hending som ein husker særlig godt (Taule, 2005, s236)

Ein kan knytta oppleving opp mot flytsonen. Flytsona handlar som nemnd om oppgåver som krever alt av deg, der ein gløyamar alt av tid og sted. Ein gjer noko ein ikkje pleier å gjera kvar dag, ein gjer noko meir en å leve. Ein opplever! Ein blir gripen emosjonelt og kroppslig og blir engasjert med heile seg. Opplevingar blir gjort på både godt og vondt, og gir oss erfaringar og lærdommar av ulike slag. (Lysklett, 2006) Som ordboka seiar er det ei hending som ein huskar særleg godt, noko som går særleg inn på deg. Ein kan seie at“ . . . opplevelsen er et resultat av kroppslige forandringer og sansning slik den tolkes av den som opplever.” (Lysklett, 2006, s12)

Oppleving kan bety at ein bruker sansane sine for å oppfatte og erfare, som saman med ein følelsesmessig reaksjon kan skape ein oppleving. Ein kan gå langs ein sti i skogen utan at ein får ein følelsesmessig reaksjon. Denne hendinga vil ein gjerne ikkje tenke på i etterkant som ein oppleving. Men om følelsane også blir innblands i turen langs stien, det kan vera spenning, redsel, glede, estetiske inntrykk osv. Då snakkar ein ofte om at ein har fått ein oppleving. Ein opplevelse er ofte spontan hending, som dukker opp av seg sjølv. Å seie at ein kan trene seg opp til å oppleve, kan høyres merkeleg ut, men eit barn som til dømes har vore mykje på tur, har tilegna seg mange ulike opplevingar. Dess meir erfaring ein får med å oppleve ting, dess sterkare og meir varierte blir opplevingane. Eit barn som har gjort seg mange opplevingar i naturen, vil ofte trekke tilbake til naturen en barn som ikkje er aktive ute i naturen. (Lundheim, 2000)

6 Metode

Metode er eit verktøy eller reiskap ein brukar for å få svar på spørsmål og få ny kunnskap innan eit område. Ein innhenter, organsierar og tolker informasjon. Ein skiller mellom to ulike typer metoder; Kvantitativ og kvalitativ metode. Desse to metodane brukes til å samla inn ulike typer av informasjon og data, og ein må bestemme seg for kva metode som passer best til det ein skal finne ut. (Larsen, 2008)

Kvantativ metode gir målbare data, også kalla harddata. Dette kan tildømes vera antall barn som liker is, kva type is og kor mange dei pleiar å ete. Kvantativ data er mogleg å telje opp og som gir tall som resultat. Spørreskjema, meiningsmåling og avkryssingsskjema er døme på kvantitativ metode

Kvalitativ metode gir data som fortel noko om kvalitative eigenskapar hjå personane som blir undersøkt, også kalla mjukdata. Dømer på dette er korleis barna trives barnehagen, kva dei ville ha endra

på og kva forventningar dei har til dagen i barnehagen. Døme på kvalitativ metode er observasjon og intervju. (Larsen, 2008)

6.1 Val av metode

I forhold til problemstilling er det vanskeleg å bruke ein kvantativ metode. Eg er interessert i å høyre tankane barna har rundt uteområdet sitt i barnehagen, og eg må då kunne ha moglegheiten til å stille dei spørsmål og starte ein dialog rundt dette. Sidan eg har fokus på barns meiningar er det også vanskelegare å lage ein spørjeundersøkelse med avkryssing, sidan barna ennå ikkje mestrar fullt å lese.

I mitt arbeid med denne oppgåva har eg difor valt å bruke intervju og observasjon som er kvalitative metoder. Når ein gjer eit intervju har ein moglegheit til å møte informanten personleg, og ein kan komme med oppfølgingsspørsmål om noko er uklart eller ein fattar interesse for det som blir sagt. Ved å utføre eit intervju kan ein også gjera seg observasjonar av kroppsspråk, haldingar og gester som kan bidra til å gi ein tolkning av svara som blir gitt. (Larsen, 2008)

I tillegg til intervju valte eg også å bruke observasjon. “Å observere er å iakta, legge merke til, undersøke eller holde utkikk med noe” (Løkken & Søbstad, 2006, s41) Det er umogleg å klare å observere alt, så ein må velje seg eit område eller fenomen å fokusere på dette. Eg valte å ikkje vera ein deltakande observatør og stod på utsida å observerte. Observasjonane vart gjort i skjul, utan at ungane var klar over at eg observerte dei. Difor hadde eg ingen notatblokk med meg ut, men gjekk inn og noterte i etterkant. (Løkken & Søbstad, 2006)

Ulempa med å bruke ein kvalitativ metode er at det blir meir etterarbeid i etterkant, det tar meir tid å transkribere eit intervju en å samanfatte og telje opp antall svar som er gitt. Det kan også vera ein får mindre ærlege svar ved eit intervju, informanten kan føle seg ukomfortabel og føle at ting blir for personeleg. Informanten kan også prøve å gi svar som ein trur intervjuaren gjerne vil høyre som svar, og dermed prøvar å gjera eit godt inntrykk. (Larsen, 2008)

6.1.1 Utvelging av informantar

Mens eg holdt på med skrivinga av bacheloroppgåva var eg i praksis i barnehagen, og eg valte difor å ta utgangspunkt i denne barnegruppa. Eg tok ei skjønsmessig utvelging i forhold til problemstillinga mi og plukka ut fire av barna i barnegruppa som var relevant for min undersøkjing.(Larsen, 2008) Dei fire var dei eldste på avdelinga, to jenter og to gutter på henholdsvis fem og seks år. Barna har gått i barnehagen sidan dei var to-tre år, og har ein lang barnehagehistorie bak seg, og har difor forholdt seg til uteområdet over lang tid.

6.2 Innsamling av data

Som nemnd tidligare har eg valt å bruke intervju og observasjon som innsamling, men innanfor kvalitativ metode kan ein også bruke tekst, dokumenter, lyd og bilete. (Larsen, 2008)

Grunnen til at eg valte å intervju barn og ikkje vaksne, er for at gjennom eit barneintervju får ein innblikk i deira behov og situasjon, og ikkje oss vaksnes antagelesar om kva barna meiner. Under eit barneintervju er det viktig å lytte til kva barnet seiar, samstundes som ein ser på kva barnet gjer mens det snakker. For å få til eit godt intervju med barn er det viktig at interessen og motivasjonen til barnet er tilstede, om ikkje kan det resultere i nekting og få svar frå barnet. (Løkken & Søbstad, 2006)

Eg valte å gjer observasjonane mens eg var i praksis, og så komme tilbake etter praksis å utføre intervjuet. Grunnen til dette at eg hadde mange oppgåver som skulle gjerast i forbindelse med praksis, det er og greit å ha skapt ein god kontakt med barna ein skal intervju på førehand. Difor brukte eg praksisperioden til å bli kjent med barna og barnehagen før intervjuet.

6.3 Intervju

Intervjumetoden eg vil bruka er ustrukturert intervju. I denne måten å intervju på brukar ein ein intervjuguide¹. Dette er ei liste med spørsmål og stikkord som er blir brukt som ein veiledning for intervjuet. Informanten skal få moglegheiten til å snakke fritt om temaene som tas opp, og du som intervjuar kan stille oppfølgjings spørsmål til det som blir sagt, og passe på at samtalen dreiar seg inn på dei aktuelle temaene. (Larsen, 2008)

Eg vil også bruke gruppeintervjuer og intervju to og to. Fordelen med å intervju i grupper er at det kan vera lettare for barna å snakke når ein er to, og dei kan utfylle og supplere kvarandre. Men det er viktig å passe på at begge to får moglegheiten til å snakke, og sei sine meiningar. (Larsen, 2008)

Under intervjuet vil eg bruke lydopptak. Det er vanskeleg å konsentrere seg om notater samstundes som ein skal vera ein aktiv intervjuar. Med å bruke lydopptak får ein også med alt som blir sagt, og ikkje brøkdeler skrive i stikkordform og trukke ut frå heilheita. Som supplement til lydopptaket noterer eg relevant informasjon som gester, mimikk og bevingingar barnet utfører. Med dette får ein eit betre grunnlag for tolkning i etterkant (Pramling & Doverborg-Östberg, 1993)

Barna var ute når eg kom til barnehagen, så me brukte ei stund på å kle av ytterkleda og skifte blaute klede før me kunne starte intervjuet. Rommet eg hadde tenkt å utføra intervju i var oppteke, så eg vart usikker på kor me skulle vera. Men dette løyste barna sjølv. På avdelinga har dei eit lite rom der ein kan sitje å lese bøker, byggje med lego og andre byggjematerialer. På golvet er det ei madrass og masse

¹Sjå vedlagt intervjuguide

puter. Barna gjekk raskt inn her og setje seg ned, så eg fant ut at eg skulle benytte meg av dette rommet. Barna byrja å byggje og holde på med kliks, og eg vurderte å stoppe dei, men fant ut at dei skulle få lov til å holde på så lenge me klarte å gjennomføre intervjuet på ein god måte. Det vart ingen problem, og eg lot dei få fortsette. Dette var nok også med på å ikkje gjere intervjuet så formelt, men heller som en vanleg samtale.

Barna var veldig nysgjerrige på kva dei skulle gjera, og det virka som om dei synes det var interresant og spanande å få vera med på. Dei var kjappe og ivrige på å svare på spørsmåla, og var flinke til å veksle på kven som skulle snakke. Både om relevante og ikkje så relevante ting. Det vart blant anna lange samtalar om Michael Jackson, Malin og kvifor dei ikkje har kjærast. Så etter at me hadde snakka ei stund om slike ting, måtte eg prøve å få dei inn på rett spor igjen.

Det var vanskeleg å få dei til å snakka om uteområdet i barnehagen, dei ville heller snakke om inne. Difor måtte eg heile veien presisere at det var ute eg meinte. Eg lot dei snakke ferdig om inne, før eg vinkla det over på ute igjen.

Etter intervjuet hørte eg igjennom lydopptaka og transkriberte desse. Eg trakk ut det som var relevant for problemstillinga. Etter å ha transkribert begge intervjuet tok eg for meg eit og eit spørsmål og laga ein oversikt over kva dei hadde svarta og såg om noko var likt og ulikt. Eg brukte også ulike typar tusjar for å markere spørsmåla mine, og plasser der barna hadde byrja å snakka om turar og inne. Dette gjorde eg for å bli meir bevisst på korleis eg var aktiv i intervjuet og for å få ein oversikt over kor ofte barna snakka om inne, som også vart ein viktig del av resultatet.

6.4 Observasjon

Eg starta å observere korleis barna brukte uteområdet og deira leik ute allereie frå fyrste dag. Eg hadde moglgheit til å vera med dei ute tre dagar i veka i fem veker. Dei to andre dagane var eg med fireåringene på tur, mens dei eldste var på skriveidans. Eg fekk ikkje observert alle fire barna så mykje som eg hadde håpa på, på grunn av mykje sjukdom blant barna.

Eg prøvde så godt eg kunne å observere så mykje eg kunne av leiken deira ute, men det var vanskeleg til tider. Det var ikkje bare desse fire barna som skulle ha min oppmerksomhet, men også dei femten andre barna på avdelinga krevde merksemd. Mykje av uteleiken var den samme kvar dag, og eg har difor valt å ta ikkje ta med alle observasjonane i resultatet. Mange av aktivitetane var svært like gjennom dei fem vekene eg observert dei, og har valt å trekke fram dei som gir best beskrivelsar av deira leik.

6.5 Kritikk av metode

Eg meiner at eg gjorde eit godt metodeval, og klarte å utføre både intervju og observasjonane. Men eg kunne gjort ein del ting annleis. Eg har liten erfaring med å intervju nokon, og då særleg barn. Det kan få utfall på korleis utføringa av intervjuet vart. På førehand hadde eg lest meg opp på mykje ulik litteratur om intervjuer, men det blir ofte annleis i praksis. På førehand hadde eg laga ein intervjuguide der eg hadde vore påpasseleg med å prøve å ikkje komme med leiande spørsmål. Men under intervjuet brukte eg ikkje alltid dei samme formuleringane, noko som kan ha fått konsekvenser for kva svar eg fekk tilbake. Eg burde ha vore meir konkret på kva eg ville fram til, og ikkje forvente at barna huska at det var ute me snakka om. Dette følte eg at vart betre etterkvart, men eg måtte likevett jamnleg minne barna på at det var ute me var interessert i. Observasjonane kunne eg ha vore flinkare til å skreive ned med ein gong. Det var ikkje alltid dette vart gjort, og eg fekk nok ikkje med meg alle detaljene rundt observasjonane.

Sidan eg har liten erfaring med intervju, burde eg ha gjort nokre prøveintervjuer fyrst, då kunne eg ha fått prøvd med på å intervju samstundes som eg kunne ha endra på intervjuguiden min. Hadde eg kunne gjort intervjuet på nytt ville eg ha omformulert og endra på intervjuguiden min, og dermed forhåpentligvis fått utarbeida betre spørsmål i henhold til problemstillinga. Eg burde også ha hatt fleire informantar, då hadde eg fått fleire synspunkter å ta utgangspunkt i og det hadde vore meir reliabilitet i undersøkinga.

7 Resultat

Navna i observasjon og intervju er fiktive.

7.1 Intervju

Ut i frå problemstillinga mi hadde eg som nemnd laga ein intervjuguide som inneholdt 7 spørsmål.

Det alle saman likte å leike med var kliss klass. Dette er jord, vatn og pinnar som blandes saman. Ellers var det butikk, boksen går, gjemsel, akebakken, hoppe i søleputter og hinderløype som vart nemnd.

På spørsmålet om kva dei savna i barnehagen var det litt ulike svar. Kine og Ole kom med konkrete forslag som hompedisse og karusell, Stine ville ha kjempegøye ting. Ho meinte at dei ikkje hadde nokon gøye ting nå, men at dei skulle få seinare. Tom savna ingenting. Vidare ville dei heller snakka om inne, der dei savna putene. Eg prøvde å høyre med dei kva dei leika med i barnehagen når dei var mindre. Stine meinte at dei før leika meir med kvarandre, gitar og jenter. Men nå leiker guttane og jentene meir

kvar for seg. Før leika dei mykje meir barnslige ting, som babyreilene og mala på snøen. Dette fekk dei ikkje lov til å gjera lengre.

Etterpå gjekk me over til kva som var kjekt og kjedeleg med å vera ute. Alle var enige om at det var kjedeleg å bli blaut og måtte gå inn og skifte klede. Dei skulle også ynskje at det var sommar, då slapp dei å ha så masse kler på seg og kunne bade i bassenget. Det kjekkeste med å vera ute er å hoppe i dammane, leike og ete is. Eg spurte kva is dei meinte, men fekk aldri konkret svar på om det var fløteis eller istappar/snø. Diskusjonen gjekk vidare på ein tur dei hadde vore på tidligare på året. Også her kom dei med mange ting dei ville gjera inne; Lego, putene, klikks, morsomt å vera inne, godt å varmt, putekrig, slappe av og bra å leika.

Synes dokke det er kjekt å vera ute?

D syns æ. Æ syns de morsomt å ver inne vertfall!

Kva er kjekkast då?

D e best inn

På uteområdet er der ein del klatrestativ og eg var nysgjerrig på om dei pleide å bruke desse. Svara eg fekk var at dei pleide det, men ikkje nå på vinteren. Då var det glatt og lett å dette ned. I tillegg var det store snødumpar som låg i vegen og bremsa farten. Så dei like best å leike her om sommaren der dei pleide å bruke rutsjebanen og klarte.

Sidan det er på vinteren prøvde eg å høyre om kva dei likte å leike med på denne årstida. Stine synes det var vanskeleg å gjera noko ute på vinteren, men det hendte at dei lekte snøballkrig som var veldig morsomt. Dei brukte også å lage snøenglar. I enden av uteområdet blir det laga ein stor snøhaug av snø som blir brøyta vekk i nærområdet. Denne likte alle fire å leike på, men var kjekkast når den var ny. Då var den større å lettare å grave i. Også her blei det nemnd ting inne, lagning av snøkrystallar til å henge i vindauget.

Til slutt snakka me om dei vaksne. Barna meinte at dei var flinke til å vera med å leike boksen går, snøballkrig, gøymsel og sparke fotball. Alle fire hadde ein meining om at dei vaksne var med på leiken for å passe på at ingen juksa eller gjorde noko feil.

Gjennom intervjuet blir det også snakka om mange av turane dei har vore med på både i år og tidligare i barnehagen. Begge intervjuja blir avslutta med at me snakkar om inne. Det fyrste intervjuet blir avslutta av ungane som fryder seg over at dei slepper å gå ut igjen. Det andre intervjuet avsluttes med at begge seiar “Nå har vi snakka masse om ute, æ vil snakke om inn”

7.2 Observasjon

Det er is på fotballbanen, og barna har fått beskjed om å ikkje gå der. Dei fleste godtar dette, men dei eldste gutane er fort frampå og skal teste grensene. Dei byrjar med å gå langs isen og sakte gå lenger å lenger utpå, mens dei heile vegen fylgjer med på dei vaksne. Igjen får dei beskjed om å gå av isen. Etterkvart blir dei meir vågale og sparkar ballen ut på isen, for så å gå ut og hente den. Dei tester stadig nye grenser og unnlater å høyre på dei vaksne. Etter ei stund virker det som om interessen deira dabber av, og dei forsvinn bak boden.

Alle gutane går på rekke og rad, dei har funne seg kvar sin pinne som er sverd og dei leiker med desse. Det er tydeleg at det er Tom som er leiar i gruppa og bestemmer kva som skal skje. Han går fremst og kommanderer kva dei andre skal gjere. Han sender også nokre gitar avgårde for å finne ein ny pinne til han. Etter kort tid blir dei leie av å leike med pinnane og gårbort til snøhaugen. Det er vanskeleg å få heilt tak i kva dei leiker, men det kan sjå ut som om dei leikar sjørøverar eller noko slikt.

Me har akkurat komme oss ut, Stine er rask på å springe bort til reilestativet der Maren, ei venninne frå ein annan avdeling sit og venter på ho. Dei setter seg på same reile og lagar stor fart. Dei byrjar å tulle og tøyse, eg høyrar at dei synger sanger, rimer og tuller. Det er tydeleg at dei kosar seg i leiken saman.

Seks gitar har samla seg rundt reilestativet. Tom og Ole sit på kvar si reile, og lager sidelengs fart slik at dei dunkar borti kvarandre. Dei fire siste gutane har stilt seg på ei lang rekke, og dei prøver ein og ein å springe mellom reilene før dei dunkar borti. Farten bli større og større, og det blir tydeleg vanskelegare å komme imellom uten å bli dunka. Leiken berer preg av humor, latter og glede. Særleg når ein blir dunka av reilene, då er latteren høg, både han som blir dunka og dei som står rundt ler.

Boksen går, er ein populær leik i utetida og den blir leika kvar dag. Både Stine, Tom, Ola og Kine er med i dag. Håkon ped.leder starter å telje og barna spring å gøymer seg. Håkon er ferdig med å telje og starter å leite, etter kort tid finn han Kine bak den eine boden og ho må gå og stille seg med boksen. Kine veit kor dei andre har gøymt seg og fortel Håkon dette. Dei andre får med seg dette, og kjem tydeleg irriterte fram. "Alltid skal du gjer sånn Kine!", kjem det oppgitt frå Tom. Håkon byrjar å forklare kvifor ein ikkje skal avsløre andre sine gøymplassar, samstundes som leiken opphører.

Barnehagen har nokre røde matter som barna bruker å renne på i akebakken. Alle fire er å leikar seg i akebakken. Leiken starter med å renne på kvar si matte, men etterkvart blir dei modigare. Dei byrjar å sitte baklengs, ligger på ryggen og sitter fleire på ei madrass. Tom og Stine prøver å stå på matta mens dei renner ned, Kine og Ola ser på dei to andre, men bestemmer seg for å ikkje prøve. Det blir mykje knall og fall, men det er det ingen som bryr seg om. Dei ler lit, reisar seg opp igjen og er straks klare til å prøve på ny. Det blir mykje hyling og skriking etterkvart som dei blir meir og meir vågale

8 Drøfting

8.1 Barnehagen

Uteområdet barna oppholder seg på er stort, og er godt innanfor retningslinjene som Kunnskapsdepartementet har gitt. Det gir barna store områder å leike og utfolde seg på. Det er viktig at uteområdet inviterar og appellerar til leik. Me brukar sansane våre til å ta til oss informasjon frå omgivingane, og ta imot innbydningar. Innbydningane kan gi ulike tindividuelle tolkningar. Kyttä(2004,2006)(ref. Osnes, 2010) meiner at moglegheitane eit barn har til å bevege seg i miljøet er betydningsfullt for om barnet mottar og realisere innbydningane. Eit miljø der barna har moglegheit til bevege seg fritt gir barnet større rom for å benytte seg av innbydningane. (Osnes et al., 2010) Uteområdet barna har til rådighet er stort med usynlige gjerder. Barna er klar på kor desse grensene går, og beveger seg fritt innanfor her. Uteområdet er eit fysisk miljø der barna får bevege seg fritt, samstundes som det gir nokon restriksjonar. Men området er lite kupert og gir barna mindre moglegheiter til å bruke kroppen aktivt når dei beveger seg (Moen & Jacobsen, 2007) Barna har gode moglegheiter til å leike på store områder, men det er vanskelegare å kunne gøyme seg litt vekk frå dei andre. Vaksne liker å kunne ha kontroll og oversikt over området, mens barn treng å kune gøyme seg litt vekk i leiken. (Osnes et al., 2010) Størsteparten av underlaget i barnehagen er gras, det minsker moglegheitane for å sykle over store områder, som er ein populær aktivitet i mange barnehager. Men graset gir god moglegheter for å holde på med tradisjonelle leiker, fotball og andre aktivteter som barna likte å halde på med. Kunnskapsdepartementet (2006b) anbefalar å bruke vegetasjonen som ein naturleg del av uteområdet. Denne kan brukast til leik, og som ly frå vær og vind. Barnehagen har ikkje noko særleg med vegetasjon som kan ha ein effekt mot vær og vind. Men bebyggelsen rundt tar denne oppgåva. Men det er lite vegetasjon som kan brukast i leiken, mesteparten av trea er for store til at dei er moglege å komme seg opp i, og står for langt fra kvarandre at dei er gunstige å bruka som gøymeplass eller skjul.

Uteområdet i barnehagen mangler enkelte faktorar som anbefalast å ha på eit uteområde, men ut i

frå svara deira virker det som om barna har tilpassa leikene og aktivitetene til forholda i barnehagen.

8.2 Leikeapperater

I barnehagen er det tre klatrestativ, tre reiler og to sandkasser. I intervjuet var det ingen av dei fire barna som nemnde at dei likte å leike med desse apperata. Leikene dei nemnde er leiker som ikkje krevjer noko særleg med utstyr eller apperater. Men gjennom dei fem vekene eg var i barnehagen observerte eg at både gutane og jentene var aktive i reilene. Det kan vera mange grunnar til at dei ikkje er særleg aktiv i apperata. Undersøkingar som er gjort visar at etter ei stund med leik på leikplassen vil den opplevast som kjedeleg og fattig på utfordringar for barna. (Moen & Jacobsen, 2007) Barna er muligens lei av apperata, dei har vore i barnehagen i nokre år og har hatt god tid på å utforske området. Dei er kanksje klar for nye utfordringar. Det kan og tenkast at dei ikkje har noko stort behov for å leike med apperata, og har større glede med å leike med andre ting. Eg observerte at dei leika ofte med reilene, men det treng ikkje naudsynt vera ein ting dei synes er kjekk å gjera. Det kan også vera at dei ikkje hadde brukt reilene denne dagen, men heller hadde holdt på med kliss klass, og det var det som var kjekkast akkurat nå.

Dei blei spurt om det var nokon leiker dei savna, og her kom det fram veldig ulike svar, to konkrete, eit veldig difust og Tom som ikkje savna noko. Desse ulike svara kan gi oss ulike tolkingar. Det kan tenkast at barna ikkje har noko særleg erfaring med andre leikeplassar og dermed ikkje har tilegna seg så mange begreper om ulike leikeapperatar. Om dei har gått leie av dei apperata som finnes kan det vera at dei har blitt vane med å finne på andre ting å leike med og ikkje lenger ser behov for å ha nokon nye ting. Eller at dei rett å slett likar best å leika utan apperatar.

I intervjuet spurde eg dei om kva dei tenkte om klatrestativa. Desse vart sjeldan brukt av ungane på vinteren på grunn av været. Snøen hindra dei for å leike med det. Med sansanae vår tek me imot innbydningar frå miljøet. Ikkje alle innbydningane me tek i mot vert realisert, og nokon blir også passiv realiserter innbydningar. (Osnes et al., 2010) Det kan tenkast at klatrestativet vert det om vinteren. Barna tek i mot innbydningar, men snøen hindrar dei frå å ta den i bruk. Ein moglegheit her kunne ha vore å fjerna snøen rundt klatstativa slik at dei vart brukande, men dette kunne ha krevd mykje energi og oppgåva kunne vore umogleg om det vart for mykje snø. Så om snøen var ein hinder for denne aktiviteten, så går den mange andre innbydningar. Som tildømes aking, snøballkrig og leiking i snøhaugen som var svært populært.

Snøhaugen var ein stor haug med snø som vart brøyta vekk i nabolaget og lagt i barnehagen. Den var mest populær når den var heilt ny, men blei også flittigt brukt resten av tida også. Den låg i enden av uteområdet og gav barna moglegheit til å gøyme seg vekk frå andre. Det var eit sted som appellerte til barna, og engasjerte dei til å leike. Haugen gav dei moglegheit til å utfolde seg, bruke sin fantasi og

dei leika på sine premisser. (Osnes et al., 2010) Denne snøhaugen kan også vera med å påverke til at det ikkje vart snakka om dei andre leikeapperata. Snøhaugen var ein leikeplass dei berre hadde tilgang til om vinteren, den er stadig i forandring. Noko som gjer at ein ikkje rekk å utforske den ferdig før den endrar seg og eventuelt forsvinn.

8.3 Flytsone og oppleving

Gjennom intervjuet nemnde barna stadig ting dei likte å gjera inne, eller dei byrja å snakka om turar dei hadde vore på. Csikszentmihalyi utvikla begrepet flyt, som handler om ein har ein indre motivasjon som gjer at ein blir så oppslukt i aktiviteten at ein gløymar tid og sted. (Osnes et al., 2010) Sidan barna så ofte snakker om inne, kan det gjerne tenkast at dei opplever flyt i aktivitetane dei kan utføre inne. Her er det aktivitetar som lego, kliks, teikning, puter og klossar som ein kan bruke sin fantasi og kreativitet og det er mogleg å gjer mange nye endringar. Opplevelse handlar om erfare, føle og oppfatta og ein kan knytte opplevelse opp mot flytsona. Det handler om å bli oppslukt i noko, noko som du huskar i etterkant og som er noko meir en det kvardagslige. (Lysklett, 2006) Leikane inne er ikkje fastmonterte og passive, men er moglege å flytte på, både mellom avdelingar og rudnt på avdelinga. Det gjer at ein også får jamnleg bytte av leiker, og ein får erfare og oppfatte nye ting. Ein gjer seg nye opplevingar. Det samme kan tenkast når det gjeld turane dei snakka så varmt om. Brekke(1998) snakker om “uhu”- og “aha”- opplevingar som er viktige for barnet si utvikling. Å få teste sine grenser og oppleve og erfare at ein stadig mestrar nye ting, styrker barnet sin sjølvstende og utvikling. Når uteområdet er nytt er det mange moglegheiter for barna å erfare slike opplevingar, men etter er stund blir det mindre slike moglegheiter her. Men på turar skjer dt mykje nytt, og ting er i stadig endring. Dei går til plassa dei ikkje er på kvar dag, naturen endrar seg gjennom årstidene og det gjer ulike utfordringar for kvar gong.

Samtidig for at dei gir uttrykk for at dei gjerne ikkje opplever så mykje på uteområdet, så er det kjedeligaste med å vera ute å bli blaut og måtte gå inn å skifte klede. Dei nemner ingen leiker som er kjedelige å leike med. Desse meiningane kan tyde på at dei også opplever det som kjekt å vera ute. Dei likte godt å hoppe i søleputtane, noko som fort gjer at ein blir blaut. Kanskje dei då synes det er kjedeleg å måtte gå inn og skifte klede, for det avbrytar leiken? Dei skulle ynskje at det kunne bli sommar, slik at dei slapp å ha så mykje klede på seg. Heller ikkje ein antydning på at dei synes det er kjedeleg med å vera ute. Igjen handlar det om bekleddinga. Om vinteren må ein gjerne kle godt på seg, som kan hindre ein i beveging.

8.4 Leik

Barna blei ofte observert i leik, i store og små grupper. Under intervjuet kom det også fram at dei lika å leike butikk, boksen går, mor far og barn, rutsje i akebakken osv. Leik ein er viktig del av barnas kvardag, og skal ha ein plass i kvardagen i barnehagen. Barn bruker leik til å utrykke seg, dei utfoldrar seg og er viktig for det sosiale livet til barnet. (Lillemyr, 2004)

Uteleiken i barnehagen bærer ofte preg av mykje utforskning og bevegelse, Barn bør kjenne på kroppen at dei leiker. (Lillemyr, 2004) Leiken er ofte knyta opp mot spenning, som ein del av observasjonane viser. Gutane testa grenser, leiken var prega av spenning på å klare ting og det å gøyme seg under boksen går. Å oppleve spenning gir eit sug i magen og bladna følelsar av fryd og frykt. Spenning oppstår når det skjer variasjonar som trigger barn sin nysgjerrighet(?) Dette ser ein tydeleg når gutane testa grensene på isen, det var tydeleg at dei var ute etter spenningen med å gjer noko dei hadde fått beskjed om å ikkje gjera. Gutane hadde gjerne eit behov for å oppleve spenning, og utnytta denne situasjonen. Barn har ulike behov for å oppleve spenning, noko som ein kan sjå i leiken i akebakken. Stine og Tom prøver seg på å stå på mattene, mens dei to andre nøyer seg med å sitje på mattene. Likevett uttrykker alle fire glede av å leike, dei utførar ulike ting på mattene, men alle ser likevett ut til å glede seg i leiken.

Rasmussen(1996(ref. Osnes, 2010)) snakker om kaosleik og ytterpunkta orden og kaos i leiken. Ein snakkar ofte om den “gode” og “dårlige” leiken. Jentene som satt og reila, kjem under den “gode” leiken. Det var tydeleg at dei gav seg hen til leiken som var fredfyll og roleg. Leiken i akebakken var meir prega av kroppslig nærkontakt, mykje beveging og lyd. Begge leiktypane er viktig for barnet, og er viktig i deira utvikling og evne til å utrykke seg.

Gutana var mest aktive i den viltre leiken som innebærer blant anna leikeslossing, herjing og bryting. Dette er også eit fenomen som er blitt forska på. Guttar leiker ofte i store grupper, tøffer seg, tester og kroppslig aktive. Jenter leiker sjeldnare i grupper, ofte ikkje meir en to og to. Leiken deira er ofte rolegare og mindre kroppslig aktiv (Osnes et al., 2010) Dette viste også igjen i barna sin leik, men leiken viste også at jentene leiker meir i større grupper og er meir kroppslig aktive, som i akebakken. Også nyare forskning visar dette, likestilling har fått ein større plass i samfunnet, noko som også vaksne i barnehagen er blitt bevist på og lærar vekk til barna. (Osnes et al., 2010)

Det vart også leika ein del av dei tradisjonelle leikane i barnehagen. Dette kom tydeleg fram i både observasjon og intervju. Dei tradisjonelle leikane hadde ein stor plass i utetida i barnehagen I intervjuet kom det tydeleg fram at dei vaksne var flinke til å vera med barna å leike leikar som boksen går, gøymssel, snøballkrig og fotball. Men det vart også presisert at dei vaksne var med for å passe på at ingen juksa eller gjorde feil. Dette vart også tilfelle i observasjonane. Men det er viktig at ein som vaksen er med

i leiken til barna, dei vaksne er bevegelsemodeller som barna tar etter. Om ein som vaksen sit i ro på ein benk heile utetida, kan det påverke barna i leiken og dei kan bli passive ute. Det er dumt at barna opplever og oppfatter at dei vaksne er med på leiken for å passe på at barn ikkje juksar, og dette er noko ein gjerne bør jobbe med. Dei tradisjonelle leikane er leikar som har oppstått og vidareført gjennom generasjonar (Osnes et al., 2010), og for at barna skal få erfare desse leikane har ein som vaksne eit ansvar for lære desse vidare.

9 Avslutning

Leik er ein viktig del av kvardagen til barn, og har difor ein viktig posisjon i barnehagen og arbeidet der. I barnehagen har ein leik både ute og inne, og det blir difor stild ulike krav til leikeområda. Uteområdet bør vera eit godt leikemiljø som appeller til leik og skapar relasjonar til barna. Det bør vera mogleg å bevege seg på store områder samstundes som det gir barna moglegheiter for å gøyme seg bort, og skape sine egne steder. Eit uteområde bør vera innbydande til leik, med mange moglegheite for barna å realisere innbydningane frå omgivnadane. Undersøkingar viser at eldre barn etterkvart ofte går lei av uteområdet sitt, det er fattig for utfordringar og barna er klar for nye utfordringar. Som vaksen må ein prøve å stimulere barna til å prøve nye måtar å bruke området på, og hjelpe dei til å realisere sine idear.

Om eit barn er engasjert og inne i ei oppgåve, kan ein seie at barnet har funne si flytsone. Det er så oppteken av oppgåva si at det gløymar både tid og sted. Flytsona kan ein knytte opp til opplevelse. Det handler om å føle og erfare noko. ein opplevelse er noko ein huskar på både godt og vondt.

Gjennom intervju og observasjon har eg fått ulike tankar og meiningar om kva fire barn synes om sitt uteområde. Sidan eg har tatt utgangspunkt i kun fire barn, er det ikkje mogleg å gi ein endeleg konklusjon på problemstillinga mi, men den kan gi meg eit bilete og noko å jobbe vidare med.

Bilete eg har danna meg er at barna ser ut til å trivast på uteområdet og har tilpassa sin leik til forholda, etterkvart som dei er blitt eldre og har utfolda seg og utforska området. Dei uttrykker ikkje konkret at dei kjeder seg ute, men dei gir heller ikkje uttrykk for at dei opplever mykje. Mykje av leiken deira er ikkje knytta til noko spesifikke leikeapperater, og det kan tenkast at grunnen er at dei ikkje ser noko spenning og utfordring i dette lenger. Dei snakkar ofte om turar og inneområdet, som kan tyde på at dei her opplever å få fleire utfordringar og stadig nye ting og plassar å utfolde seg. Det kan igjen tyde på at dette er noko som dei opplever som frafallande på uteområdet. Ein kan gjerne tenke seg at barna opplever uteområdet som greit, og med at dei får moglegheita til å gå på tur to gonger i veka, så får dei jamnleg påfylling av utfordringar frå andre plasser. Dermed blir moglegens behovet for utfordringar på uteområdet mindre, og leiken tilpasser heretter.

Eg synes det er eit svær spanande område og eg trur det er mange ting ein kan ta tak i og jobbe vidare med innan uteområdet i barnehagen Om eg skulle ha jobba vidare med denne problemstillinga ville eg gjort grundigare observasjonar på leiken til barna. Det kunne også ha vore interessant å latt barna vore med å utforme og endre sitt eige uteområde.

Referanser

- Brekke, A., & Kvåle, O. H. (1998). *Barn og bevegelse=sant?.* Harsfjord: Barn og bevegelseglede.
- Csikszentmihalyi, M. (2005). *Flow og engagement i hverdagen.* Danmark: Dansk psykologisk Forlag.
- Kunnskapsdepartementet (2006a). *Rammeplanen for barnehagens innhold og oppgaver.*
- Kunnskapsdepartementet (2006b). *Veileder for utforming av barnehagens utearealer.*
- Larsen, A. K. (2008). *En enklere metode -veiledning i samfunnsvitenskapelige forskningsmetode.* Bergen: Fagbokforlaget.
- Lillemyr, O. F. (2004). *Lek, opplevelse og læring.* Oslo: Universitetsforlaget.
- Løkken, G., & Søbstad, F. (2006). *Observasjon og intervju i barnehagen.* Oslo: Universitetsforlaget.
- Lundheim, R. (2000). Kunnskapsbasert naturopplevelse. In K. Furuset (Ed.) *Ut, naturligvis! Barn, natur og uteaktiviteter,* (pp. 33–38). Trondheim: DMMHs publikasjonsserie.
- Lysklett, O. B. (2006). *Temahefte om natur og miljø.* Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Moen, E., & Jacobsen, K. B. (2007). *Skritt for skritt - barn og bevegelse.* Vett og Viten.
- Osnes, H., Skaug, H. N., & Kaarby, K. M. E. (2010). *Kropp, bevegelse og helse i barnehagen.* Oslo: Universitetsforlaget.
- Pramling, I., & Doverborg-Östberg, E. (1993). *Å forstå barns tanker- en metodikk om å intervju barn.* Oslo: Pedagogisk forum.
- Taule, R. (2005). *Escolas ordbok - bokmål.* Oslo: Escola forlag.

Intervjuguide

1. Fortell kva du liker å leike med ute
2. Er det nokon leiker du savnar?
3. Fortell meg om det er nokon leiker du har slutta å leika med, kvifor?
4. Fortell meg om noko morsomt du pleiar å gjera ute?
5. Fortell meg om noko kjedelig du pleiar å gjera ute
6. Kva er kjekt med å vera ute?
7. Kva er kjedelig med å vera ute?